

Til føresette**INFORMASJON OM RESSURSGRUPPE, BARN 0-16 ÅR.**

Ved kvar barnehage og skule er det oppretta ei tverrfagleg ressursgruppe for å ta seg av samansette vanskar. Målsettinga for gruppa er tidleg innsats og førebyggjande arbeid, og å samordna og gi råd om tiltak for barn og unge frå 0 - 16 år. Vanskane kan vera helsemessige, språklege, faglege, psykologiske eller av sosial art.

Ei slik breitt samansett ressursgruppe med variert kompetanse er nyttig for å kunna gje gode tenester, og for å kunne arbeide godt med førebygging av vanskar.

Ressursgruppa har representantar frå:

Barnehagen, 0 - 5 år
Skulen, 6 - 16 år
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
Helsestasjonen
Barnevernstenesta

Andre faginstansar (fysioterapeut, familiesenteret, SLT-koordinator, lege, BUP o.a.) vert kalla inn viss det trengs. Alle som er med i gruppa har teieplikt.

Du som er føresett blir kontakta før ditt barn blir drøfta i gruppa. Du skal og verta orientert om gruppa sine vurderingar. Føresette kan møta i gruppa. Alder og modning avgjer om også barnet kan møta.

Dersom du ønskjer kontakt med ressursgruppa, kan du ta kontakt med barnehagen/skulen, eller andre som er med i gruppa.

Orientering/samtykke frå føresette

Til _____

Barn kan få ulike problem. Problema kan vera samansette. Dei kan vera av helsemessig, språkleg, fagleg, psykologisk eller sosial art. Det er av og til nødvendig med kunnskap frå mange felt for å kunna hjelpe barna.

Ved kvar barnehage og skule er det oppretta ei tverrfagleg ressursgruppe som kan ta seg av samansette vanskar. Målsettinga for ressursgruppa er tidleg innsats og førebyggjande arbeid, og å samordna og gi råd omkring tiltak for barn og unge frå 0 - 16 år.

Ressursgruppa har representantar frå barnehagen/skulen, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), helsestasjonen og barnevernstenesta.

Andre faginstansar (fysioterapeut, familiesenteret, SLT-koordinator, lege, BUP o.a.) vert kalla inn viss det trengs. Alle som er med i gruppa har teieplikt.

Du som er føresett blir kontakta før ditt barn blir drøfta i gruppa. Du skal også verta orientert om gruppa sine vurderingar. Føresette kan møta i gruppa. Alder og modning avgjer om også barnet kan møta.

Du som er føresett må gi samtykke før gruppa kan drøfta ditt barn. Barn over 15 år må gi eige samtykke. Samtykket gjeld for barnehageåret/skuleåret.

De vil få referat frå møtet.

Med helsing

Styrar/rektor

Klipp her-----

SAMTYKKE – skal leverast tilbake til barnehagen/skulen

Eg/vi gir med dette samtykke til at _____ vert drøfta i ressursgruppa

Ja

Nei

Har heimen tidlegare vore/er i kontakt med andre tenester i kommunen som familiesenteret, PPT, helsestasjon, barnevernstenesta, SLT-koordinator, fysioterapeut, lege, BUP eller andre?

Ja

Nei

Viss ja , kven? _____

Stad/dato/underskrift føresette:

Stad/dato/underskrift barn over 15 år:

